



Nissedal kommune
Rådmann

Det Kongelige Finansdepartement
postmottak@findep.no

Melding om vedtak

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
	2015/88-7	Jarle Bruun Olsen, 35048403 jarle.olsen@nissedal.kommune.no	232	05.02.2015

Høringsuttale - Framlegg om statlegging av skatteoppkrevjarfunksjonen

Her følgjer særutskrift av Nissedal kommunestyre si sak nr. 8/15.

Med helsing

Jarle Bruun Olsen
Kommunalsjef økonomi



Nissedal kommune

Arkiv: 232
 Saksmappe: 2015/88-5
 Sakshandsamar: Sverre Sæter
 Dato: 15.01.2015

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	8/15	04.02.2015

Høringsuttale - Framlegg om statleggjing av skatteoppkrevjarfunksjonen

Vedlegg:

- 1 Brev til kommunene 4.12.2014
- 2 Høringsbrev 1.12.2014
- 3 Høringsuttalelse KS - Overføring av skatteoppkreving til staten

Fakta i saka:

Finansdepartementet har sendt ut på høyring framlegg om overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen til Skatteetaten. Frist for å kome med høyringsuttale er sett til 2. mars 2015.

I dag er skattearbeidet organisert slik at staten ved Skatteetaten har ansvar for utlikning av skatt på inntekt/formue og kommunane har ansvar for innkrevjing av skatt på inntekt/formue og arbeidsgjevaravgift. I tillegg har kommunane ansvar for tilsyn med arbeidsgjevarane i høve til skatt/løn.

Nissedal har eit samarbeid med Kviteseid kring skatt. Det er ei felles stilling (100%), lokalisert i Kviteseid som jobbar med skatterekneskapen og innkrevjing. Denne stillinga blir fordelt etter folketal og Nissedal sin del av denne stillinga i 2014 utgjorde omlag 37%. Funksjonen som formell skatteoppkrevjar ligg til kommunalsjef økonomi, og er stipulert til å utgjere 10% av stillinga. Innkrevjing og rapportering utgjør hovuddel av arbeidet. Pr. d.d. er stillingsressurs knyt til skatt om lag 47%. Arbeidet kring arbeidsgjevarkontroll er organisert ved tenestekjøp frå Arbeidsgiverkontrollen i Agder.

Vedlagte høyringsuttale til KS er vedteke samrøystes av hovudstyre.

Vurdering:

Dette er eit forslag som har vore framme fleire gonger dei siste åra, men har så langt ikkje fått fleirtal i Stortinget. Når det nå kjem i forkant av kommunereforma, blir det eit lite paradoks, då det frå regjeringa er sterkt halde fram at kommunane skal tilførast nye oppgåver i samband med kommunereforma, utan at desse nye oppgåvene vert konkretisert nærare. Det einaste konkrete

forslaget om endring av oppgåver for kommunane som har kome frå regjeringa er dette, som då tek ei oppgåve bort frå kommunane. Det at kommunane i utgangspunktet ikkje var teke med i høyringa kan vel og tolkast som eit signal om staten sin haldning i saka.

Under følgjer ei drøfting/argumentasjon i høve til dei ulike momenta/påstandane i høyringsbrevet. Under overskrifta "Høyringsbrev" er det referert til overskriftene i høyringsbrevet. Under kvar overskrift fylgjer ei vurdering/drøfting kring punktet.

Høyringsbrev:

Det vert problematisert at 60% av kontora har to eller færre årsverk på oppgåva.

Vurdering:

Her vert det brukt statistikk for å skape eit problem. Kommunane har all interesse av å ha ein fungerande skatteoppkrevjarfunksjon. Kommunane sit nærast oppgåva og har då sjølv best kompetanse til å vite kva organisering som fungerer lokalt. Mange kommunar (særleg dei minste, slik som t.d. Nissedal) har valt å organisere arbeidet inn i ulike interkommunale samarbeid og dette kan sikkert vidareutviklas vidare. Det har vore diskutert om ein kunne utvide samarbeidet kring skattearbeidet, og dette kan vere aktuelt å sjå nærare att på nytt. Uansett dagens løysing, så er det beste målet på om dagens organisering fungerer er resultat og effekten av arbeidet. Ikkje talet på menneskje som er samla på eit kontor. Finansdepartementet har sjølv, så seint som i budsjettproposisjonen for 2015, dokumentert at kommunane si desentraliserte innkrevjing av arbeidsgjevaravgift, har eit sluttresultat på 99,8%, mens staten sin sentraliserte innkrevjing av meirverdiavgift er mindre effektiv med eit sluttresultat på 99,4%. Her er det viktig å understreke at små desimaler/tidelar svarer til fleire hundre millionar.

Høyringsbrev:

Skatteinnkrevjing er ikkje ein naturleg kommunal oppgåve, men ei oppgåve som kjenneteiknast av stram regulering og lite grad av skjønn.

Vurdering:

Skjønn i skatteinnkrevjing handlar ikkje om at det skal vere forskjellar mellom kommunar, men om ei forsvarleg individuell behandling. Dette er og skreve inn i lovverket. Ved tvangsinnfordring har Stortinget faktisk pålagt skatteoppkrevjar å nytte skjønn i enkelte spørsmål, m.a. i vurdering av skyldnar sitt eigarforhold, familien sin økonomiske situasjon, rimelegheit i innkrevjingsarbeidet, om skattytar er vanskelegstilt/gjeldsoffer m.m. Lokalkunnskap og nærleik til skyldnar aukar høve til å utøve skjønn.

Høyringsbrev:

Årsaken til dei gode resultat på kommunal innkrevjing av skatt skuldast ikkje noverande organisering, men godt fungerande IT-system og ordninga med forskottstrekk, der arbeidsgjevar er den viktigaste "skatteoppkrevjaren".

Vurdering:

Høyringsbrevet legg til grunn at forskottstrekket kjem inn på konto heilt av seg sjølv. Det vert då ignorert skatteoppkrevjar sitt ansvar og arbeid med å sikre at arbeidsgjevarar innberettar rett grunnlag. Kontrollarbeidet omfattar aktive handlingar ovanfor arbeidsgjevarar ved å purre når det ikkje vert sendt inn oppgåver, kontakt pr. tlf. når ein ser det er innberetta feil, oppsøking fysisk og etterspør oppgåver og gjennom arbeidsgjevarkontrollen avdekke feil og manglar i innberettinga. I høve til gode IT-system, så syner tala ein god løysingsgrad før innføring av dagens system (99,5% på landsbasis).

Høyringsbrev:

Omorganiseringa vil gje ei innsparing på 526 årsverk og ein vil samle arbeidet på 27 kontor.

Vurdering:

Innsparinga på 526 årsverk er bygd på teoretiske berekningar og vil høgst truleg kome berre Staten til gode. Det står mot slutten av høyringsbrevet "Det er foreløpig ikke tatt stilling til hvordan gevinsten i kommunene av overføringen blir tatt ut." Men all erfaring frå andre oppgåveendringar mellom stat/kommune syner at Staten tek omsyn slike endringar i berekning av rammetilskot og uttrekket av rammeoverføringane kan lett overstige dei kostnadene knyt dei 47% kommunen i dag nyttar på skatt. Det vil uansett ikkje ligge nokon stor innsparing her for kommunen. Reforma vil vere ein sentraliseringsreform. Når dette arbeidet skal lokalisert til 19-27 kontor vil dette nødvendigvis vere å trekke arbeidsplassar frå distrikta til sentrale strøk. Sjølv om einskilde av dei 19-27 kontora skulle bli lokalisert i kva ein kan kalle distrikts-norge, så må dette likevel bli ein sentralisering. Erfaringa frå sentraliseringa av likningskontora syner og at resultatet for publikum er blanda. Det å få svar kring likning opplevast av mange publikum som vanskeleg når ein må forhalde seg til ein landsomfattande sentralt tlf.nummer. Det har og for skatteoppkrevjar vore utfordringar med "kommunikasjonen" etter at lokale likningskontor forsvann.

Høyringsbrev:

Innsatsen mot svart økonomi og arbeidsmarknadskriminalitet blir betre.

Vurdering:

Nærleik til skattesubjekta er også viktig i kampen mot svart økonomi. Dagens desentraliserte løysing kring kontrollfunksjonen har ein klar preventiv effekt. Dersom skatteoppkrevjaren statleggjerast og sentraliseras, vil avstand mellom kontrollinstans og kontrollsubjekt auke i vesentleg grad.

Høyringsbrev:

Reforma vil auke rettssikkerheten.

Vurdering:

Dagens organisering, med ei oppgåvefordeling ved at utlikning gjerast av staten og innkrevjing gjerast av kommunen, har vore framheva å gjere til at rettssikkerheita vert styrkja. Nå vert dette snudd til at ei samling av alle oppgåver og alt ansvar til ein etat, og dermed ikkje noko innsyn frå andre etatar, er ei styrkje for rettssikkerheita.

Høyringsbrev:

Forenkling ved at skatte- og avgiftspliktige får ein etat å vende seg til.

Vurdering:

Sjølv etter ei eventuell omlegging vil det ikkje vere slik at ein sakshandsamar kan svare på både spørsmål om mva og skatt. Ein skattytar som vender seg til skatteetaten med eit spørsmål om mva og i tillegg har nokre spørsmål om skatt/arbeidsgjevaravgift vil truleg bli sendt vidare til ein annan sakshandsamar. Så om dette i realiteten vil vere mykje enklare/betre for den einskilde skattytar stillar ein spørsmål ved.

Ein ser og at nærleik og lokalkunnskap er særleg viktig for å kunne hjelpe/retteleie vanskelegstilte skattytarar. Dette er ei gruppe som ikkje alltid klarar å ordne opp sjølv eller ikkje kan ivareta sine egne interesser. Denne gruppa vil ha særlege utfordringar med å forhalda seg til eit statleg kontor, lokalisert slik, at ein berre kan ta kontakt pr. mail/brev/tlf.

Høyringsbrev:

Omlegginga er god regionalpolitikk.

Vurdering:

På bakgrunn av framlegget legg til grunn at dei nyoppretta kontora vert lokalisert rundt om i landet og ikkje samla i Oslo, evt. sentrale austlandet, blir dette framstilt som god regionalpolitikk. Men realiteten er at arbeidsplassar som i dag er lokalisert rundt om i heile landet blir

samla/sentralisert på nokre tiltals plassar. Å framstille dette som god distriktspolitikk må vel i beste fall seiast å vere kreativt.

Høyringsbrev:
Ulike regelverksendingar må gjerast.

Vurdering:
Ingen spesielle kommentarar til dette avsnittet.

Pkt. 5 og 8 vert ikkje kommentert utover det som dels er gjort i avsnitt over.

Dagens organisering har ein løysningsgrad som ligger heilt i verdstoppen. Når ein ser samla under eitt kan ein ikkje sjå at det frå kommunen si side vil vere noko å tene, verken økonomisk eller kvalitetsmessig på ei slik omlegging. Totalt sett kan det vere ein mindre økonomisk gevinst på innsparing av adm. kostnader, men denne vil høgst truleg kome staten til gode. I tillegg kan gevinsten på adm. kostnader lett falle bort på bakgrunn av at innkrevjingsresultata går ned til snittet som er vanleg for statleg innkrevjing. Det vert derfor tilrådd at kommunen ikkje stør opp om forslaget til endring av organisering av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommune stør ikkje forslaget med å statleggjere skatteoppkrevjarfunksjonen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 04.02.2015

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommune stør ikkje forslaget med å statleggjere skatteoppkrevjarfunksjonen.